

MØTEPROTOKOLL

Utval: Vik kyrkjelege fellesråd

Møtestad: Vik kommunehus, møterom Vikjao

Møtedato: 16.2.2022

Start kl 13.00-15.00

Til stades på møte: Karen Helene Bøhn Melhus, Kari Haga, Martha Vange (Vara), Endre Nese, Rolf Arne Olsen, Leif Eikeland

Meldt fråfall: Laila Sunde og Roy Egil Stadheim

Frå administrasjonen: Marit J. Andersen

Sak 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent

Samrøysta vedteke

Sak 02/22 Godkjenning av referat frå 17.11.21.

Referat frå møtet ligg ved

Vedtak: Referat vert godkjent slik det ligg føre.

Samrøysta vedteke

Sak 03/22: Orienteringssaker

- Registrering av graver. Gravplassmyndigheten er pålagt via lov, å føre register over graver. Administrasjonen orienterer om at ein er i gang med å registrere alle graver på dei ulike kyrkjegardane i kommunen. Dette for å sikre at kart og terreng stemmer, og at det skal vera lett å finna ledig grav og korrekte opplysningar om graver i bruk og kven som eventuelt festar grava. Det vert abonert på eit dataprogram som gjer dette arbeidet sikkert og etter lovverket. Dette er eit naudsynt forarbeid før me kan krevje inn festeavgift.
- Ny kyrkjeleg organisering. Resultat frå høyringa som var avslutta før jul
- Universell tilkomst «Ein inngang for alle» i Vik kyrkje
- Bemanning av presteteneste
- Internt arbeid på kyrjekontoret og opningstider
- Møte med soknerådsleiararar
- Konsekvens av opning av smittevern
- Søknad skal snart sendast til Bjørgvin bispedøme om tilrettelegging for universell utforming samt montering av bilete i Feios kyrkje. Likeeins skal det søkast om å smykke ut Vangsnes kyrkje med vove teppe.

Sak 04/22 Gravplassvedtekter

Vedtak: Gravplassvedtekter for Vik kommune vert vedteken med dei endringar som gjeld generell språkvasking og tillegg under §4:

1. *Når ei festa grav vert teken i bruk, vert det ikkje krevd ny festeavgift i fredingstida utover den gjeldande festeavtale*
2. *Når det er gått 60 år etter den siste gravlegginga på ein gravstad, kan festet ikkje fornyast utan særskilt løyve frå fellesrådet*

Vik kyrkjelege fellesråd bed administrasjonen om å utarbeide retningsliner for praktisering av vedtektene og legge desse fram for fellesrådet til godkjenning.

Gravplassvedtekter for Vik kommune vert sendt Statsforvaltaren til godkjenning.

Samrøysta vedteke.

Tilråding frå administrasjonen

Gravplassvedtekter for Vik kommune vert vedteken med dei endringar som gjeld generell språkvasking og tillegg under §4:

1. *Når ei festa grav vert teken i bruk, vert det ikkje krevd ny festeavgift i fredingstida utover den gjeldande festeavtale*
2. *Når det er gått 60 år etter den siste gravlegginga på ein gravstad, kan festet ikkje fornyast utan særskilt løyve frå fellesrådet.*

Tidlegare handsaming: Sak 9/21 og Sak 21/21:

Lovgrunnlag:

Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven) av 1996-06-07-32.

Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassforskriften) av 1997, sist endra i 2021

Saksopplysningar:

Syner til tidlegare handsaming av desse. Vedtektene vart endra i møte i fellesrådet 23.3.21 i sak 9/21. Framlegg til forskrift skal vedtakast i fellesrådet etter høyring. Den skål deretter sendast til statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for endeleg godkjenning. Det var mangelfull høyring i forkant av vedtak i mars 2021. Saka var difor på ny oppe til handsaming i fellesrådet i sak 21/21 der det vart gjort følgjande samrøysta vedtak:

Framlegg til gravferdsvedtekter vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 2 månadar. Høyringsinstansar vert sokneråda. I tillegg vert det annonsert i kyrkjelydsbladet og på heimesida til kyrkjene i Vik. Saka vert endeleg handsama på møte i fellesrådet etter at høyringsfristen er over.

Framlegg til vedtekter har vore ute til høyring i tråd med vedtak. Det er kome inn 2 merknader til høyringsutkastet.

- Arnafjord Sokneråd:

Arnafjord sokneråd hadde møte 27.01.2022, og vedtok følgjande.

§4 FESTE AV GRAV: Etter fredingstid på 30 år, bør det tidfestast kor lengje ein kan festa ei grav mot betaling, og ev. grava ved sida. Me vil at gamle gravsteinar får stå til ein har bruk for gravi att. Dette er god gammal tradisjon, og eit kulturminne. Vedtektene slik dei ligg føre ser elles greitt ut.

- Medarbeidar/ kyrkjetenar

Sjå vedlagde uttale på høyring av gravplassvedtekter. I hovudsak er mine framlegg til endringar ein språkvask og ei presisering/forenkling av tema Ved eitt høve er det retta opp begrepsfeil; bruk av begrepa grav og gravstad. Føreslegen utteken tekst er raud og overstreka. Føreslegen ny tekst er blå.

Vurdering:

Framlegg til vedtekter for gravplassar i Vik kommune er utarbeida etter mal frå andre kommunar. Den skal vera i tråd med overordna lover og forskrifter. I Lokal forskrift, har lokal gravplassmyndighet (Vik kyrkjeleg fellesråd) høve til å presisere og koma med presiseringar som er viktig for oss lokalt. framlegg til vedtekter er det lagt føringar for at ein kan festa graver i 5 år om gongen. Dette vil utløyse krav om festeavgift. I vår kommune vart det i 2021 vedteke at avgift for å festa grav er på kr 300 pr år. I praksis vil det seia at det vert sendt ut rekning på kr 1500 ved ny inngått avtale. Kommunestyret avgjerd kor ofte avgifta skal regulerast. Når ei festa grav vert teke i bruk, kan det oppstå eit spørsmål om vidare festeavgift. Ein vil difor foreslå ei presisering i § 4: *Når ei festa grav vert teken i bruk, vert det ikkje krevd ny festeavgift i fredingstida utover den gjeldande festeavtale*

Arnafjord sokneråd ynskjer ei tidfesting for kor lenge ei grav/ gravstad kan festast. Følgjande er teke inn som framlegg til endring i §4: *Når det er gått 60 år etter den siste gravlegginga på ein gravstad, kan festet ikkje fornyast utan særskilt løyve frå fellesrådet.*

Innspelet frå Arnafjord sokneråd har ein tydeleg verdi som kulturminne. Dersom eit gravminne står støtt og ikkje er til fare pga dårleg vedlikehald og ikkje opptek naudsynt plass for nye graver, bør ein, så langt som råd, lata desse gamle gravminner stå. Dersom gamle gravminner bør fjernast, bør dette handsamast av fellesrådet. Det er ikkje gjort framlegg om å legge dette til i forskrifta.

Innspelet om språkvasking og klargjering av teksten i forskrifta vert med dette fremja teke til vitande. Dette kjem fram av vedlegga.

Økonomisk konsekvens:

Administrasjonen er godt i gang med å oppdatere gravregisteret for alle 7 gravplassar i kommunen. Når dette er gjort, vil me ha oversikt over kor mange graver som er festa, og me vil sende ut avtale med faktura til festarar som me har kunnskap om. Vedtektene gir oss grunnlag for innkreving av festeavgift, og dermed ei auka inntekt til Vik kyrkjeleg fellesråd. Det er i dag ikkje kjent i kva omfang. Noko kartlegging gjenstår, men det vert sendt ut avgift gjeldande frå 2022

Vedlegg:

1. Framlegg til gravplassvedtekter som vart sendt ut på høyring med frist 1.2.22
2. Uttale frå Arnafjord Sokneråd

3. Redigert framlegg til gravplassvedtekter for Vik kommune gjeldande frå 2022.

Sak 05/22 Budsjett 2022 Vik kyrkjelege fellesråd

Vedtak: Utarbeida budsjett for Vik kyrkjeleg fellesråd 2022 frå administrasjonen vert teke til vitande. Dersom det er trong for endringar i budsjettet vert dette teke opp som sak i fellesrådet for revidering av budsjett. Retningsliner for utleige av kyrkjene vert teke opp som eiga sak på seinare møte.

Samrøysta vedteke

Tilråding frå administrasjonen.

Utarbeida budsjett for Vik kyrkjeleg fellesråd 2022 frå administrasjonen vert teke til vitande. Dersom det er trong for endringar i budsjettet vert dette teke opp som sak i fellesrådet for revidering av budsjett.

Gebyr vert endra frå 1.1.2022 som lagt fram i saksutgreiinga

Tidlegare handsaming: Sak: 22/21

Lovgrunnlag:

Saksopplysningar

Syner til tidlegare handsaming av saka. Det har ikkje vore tradisjon for at fellesrådet har handsama budsjettet om hausten for komande år. Regelendring frå 1.1.21 slår fast at dette skulle vore gjort. Grunna korte fristar og byte av leiar, hadde ein ikkje tilstrekkeleg oversikt til å førebu og legge fram eit budsjett til handsaming før nyttår 2021. Det vart gjort følgjande samrøysta vedtak 17.11.21:

Vik kyrkjelege fellesråd tar budsjettprosessen for 2022 til vitande og er samd i at ein endrar praksis for 2023- budsjettet. Fellesrådet ynskjer at det skal prioriterast å laga ein langsiktig drifts og vedlikehaldsplan for alle kyrkjer og kyrkjegardar. Denne skal gi grunnlag for prioritering av vedlikehald tiltak og investeringar i åra som kjem. Fellesrådet støttar at det vert leigd profesjonell hjelp til å lage ein slik plan. Rådet bed om orientering om status på neste møte.

Vik kommunestyre vedtok i desember same løyving til Vik kyrkjelege fellesråd for 2022 som for 2021; kr 2,8 millionar. Administrasjonen har satt opp budsjett saman med økonomisjefen i Vik kommune. Budsjett for dei ulike tenestene i Vik fellesråd sitt ansvarsområde er slik:

Det er budsjettert med kr 10 000 til vedlikehald på alle kyrkjer. Dette er finansierte gjennom bruk av ubundne fond

Det er budsjettert med kjøp av tenester til å få lage ein overordna drifts og vedlikehaldsplan for alle kyrkjer. Denne skal innehalda oversikt over behov, framlegg til prioritering og kostnads overslag for gjennomføring. Ettergodkjenning av leiar for fellesrådet, er denne avtalen skriven med Thomas Beck og det er planlagt gjennomføring av planarbeidet innan utgangen av april 2022. Det medfører at me vil få eit breiare grunnlag for synleggjering av behova kyrkjene og kyrkjegardane har for investering og vedlikehald. Det vil gi oss grunn for budsjett- og økonomiplanarbeid i inneverande år.

Elles er det kostnader til dagens drift som ligg inne i budsjettet.

Faste stillingar, totalt 2,4 årsverk. Dette fordeler seg på kyrkjelydssekretær / trusopplæring: 60 %, Kyrkjetenar: 80 %, Kantor: 50 %, Kyrkjeverge: 50 %

Ekstrahjelp/ tilkalling, totalt 0,85 årsverk. Dette er fordelt på klokkartenester, kyrkjetenar, trusopplæring, organist.

Driftsbudsjettet for 2022 vil oppretthalde dagens drift. Dette grunna bruk av ubundne fond på totalt kr 165 000 som aleine finansierer vedlikehald og planarbeid for drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar. Tilskotsmidlar frå Vik kommune og statstilskot til trusopplæring, dekkar ikkje fullt ut behov for å ta vare på bygg og anlegg. Ein må difor vere merksam på at når tilgjengelege fondsmidlar tar slutt, så har ikkje fellesrådet tilstrekkeleg med ressursar til å oppretthalde dagens driftsnivå på forsvarleg vis.

Me legg bak oss to år med Korona. Dette har medført redusert aktivitet, særskilt innan trusopplæring og tiltak blant både barn og unge. Statsmidlar har difor ikkje vore nytta fullt ut, men ein vonar for 2022 at me vil få aktiviteten opp igjen. Tilskotsmidlar til dette føremål, som siste åra har vorte satt på fond, bør no nyttast til å styrka arbeidet i kyrkjelydane våre. Ein vil vurdere å nytte avsatte midlar til auka fast stilling til føremålet. Kyrkjeverge erfarar at vel 20 % av alle lønsmidlar (85% stilling) er innleigd arbeidskraft utan kontrakt. Dette er ein stor del av budsjettet, og ein vil dei næraste månadane sjå på korleis ein kan få auka fast tilsetjing innan prioriterte oppgåver. Det kan i denne samanheng også vere aktuelt å drøfte med sokneråda korleis ein kan auke frivillig arbeid i kyrkjelydane. 2022 er «frivillighetens år»!

Det vert arbeidd med reglar for betaling for bruk av kyrkjene, og revidering av satsar vedteke i 2016. dette må koma opp som eiga sak i seinare møte.

Økonomisk konsekvens:

Budsjett for 2022 er i balanse. Forbruk av ekstrahjelp og arbeid i vakante stilling bør ryddast opp i. Midlar avsatt til trusopplæring bør prioriterast til bruk for fast ansettelse. Kyrkjeverge kjem tilbake til Fellesrådet med dette i eiga sak.

Vedlegg

Oversikt over budsjett på tenestenivå

Sak 06/22 Ymse

Ingen saker meldt

Vik 21.2.22

Leif Eikeland

Leiaren i Vik kyrkjelege fellesråd

Marit J Andersen

Sekretær/ kyrkjeverje